



# Årsmelding for styret i Omvikdalen Idrettslag 2013

## Styret har i 2013 vore samansatt slik:

Leiar: Atle Falk

Nestleiar: Jeaneth Rangseter

Kasserar: Jonny Flatebø

Skrivar: Gunn B Fosse

Styremedlem: Stig Omvik

Varamedlem: Ann Helen Lyngnes

Varamedlem: Åsmund Hjelmeland

## Laget har følgjande undergrupper:

Ski, økonomi, idrettsmerkeutval,tur,sykkel,turn og «ikkje dytt». «Ikkje dytt» har ikkje vore aktive i 2013, og leverar ikkje årsmelding i 2013.

Gruppeleiarane skriv årsmelding for kvar gruppe.

Medlemstalet i OIL var i 2013 på 360, noko som er ein nedgang på 6 medlemmer frå 2012.

Styret vil takka for dette året, og takk til alle som er med å bidra, slik at vi kan halda fram med eit idrettslag i Omvikdalen.

Helsing Styret

For styret Atle Falk



## IDRETTSMERKEUTVALET

### Årsmelding 2013

I 2013 var det åtte personer som fullførte krava til Idrettsmerket, to mindre enn året før. Vi har hatt fire samlinger, to om våren og to om hausten.

Å vere idrettsmerketaker er ein fin måte for ein årleg kontroll av eigen fysisk form og også ein fin motivering for fysisk trening. Krava er tilpassa alder og kjønn, og ein konkurrerer berre med seg sjølv.

Prøvene avlegges i fem grupper: Spenst/presisjon, hurtighet, styrke, utholdenhets og trim. For kvart år ein klarer krava får ein eit poeng. Antall gonger idrettsmerketakeren har tatt prøvene er utgangspunkt for utmerkingar som til dømes merker i bronse, sølv og gull eller idrettsstatuetten.

Desse har fullført krava i 2013:

Marie Eik Nygård:	49 gonger
Magne Enæs:	37 "
Elin Enæs:	29"
Stig Dagfinn Tveiten:	17"
Jan Egil Apeland:	14"
Kristine Hestad:	11"
Ellen Korsvold:	10"
Vemund Hjelmeland:	4"

For Idrettsmerkeutvalet:  
Elin Enæs



## ÅRSMELDING 2013 TURGRUPPA

### Fjelltrimmen:

Det har vore enda eit år med fin oppgang av besøkjande ved bøkene. 7836 personar har skrive seg inn i bøkene.

31 personar har fullført fjelltrimmen. Dei som har klart medalje, har fått dei levert i postenkassen.

Antall besøkjande	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Skorafjell	47	57	62	65	69	46
Kvanto	160	137	165	168	155	181
Tverrfjell	90	85	110	-	85	91
Gråfjell	102	78	85	63	53	58
Nonshaug	180	147	146	123	139	181
Tverfjell	122	91	100	98	109	87
Kvitteggi	879	1030	1024	948	840	920
Kanten				632	580	1005
Aterstad	2169	1992	2508	2609	2770	2827
Bergalivegen	301	223	160	127	222	364
Åsen	1945	2336	1263	1378	1696	2076
<b>Sum</b>	<b>5995</b>	<b>6176</b>	<b>5623</b>	<b>6211</b>	<b>6718</b>	<b>7836</b>

### Boka på Kanten

- Ilage Energi har gitt 3x500 kroner i ekstra premiar til denne boka, som blei trekte på julematinèen.

### Aterstadtrimmen:

- Sundag den 29.09 var den årlege turen til Aterstad arrangert. Det vart servert bålkaffe, saft og kjeks, og tradisjonen tru så var det loddtrekking på startbillettane. 84 personar deltok.

### Vedlikehald av stiar:

- Stien til Skorafjell og Nonshaug fekk oppfrisking av merkinga i år.

Turgruppa har hatt eit møte i år.

Takk til Ina Haugland Tvedt, Håkon Guddal og Odd Karsten Huse i turgruppa, for vel utført arbeid.

Helsing  
For turgruppa  
Jan Egil Apeland



## TURNGRUPPA 2013

Våren 2013 forsette gruppene som var starta opp på hausten 2011, slik årsmeldinga 2012 beskrev.

Hausten 2013 starta vi opp med følgande grupper:

0-3 år: annakvar tysdag kl 17-18. Denne gruppa vert leia av Lene Marie Bjelland og Ann Helen Lyngnes.. Det har vore ca 6-10 born der kvar gong.

3-5 år: kvar måndag kl 17-18. Gruppeleiarar har vore MariAnn Hellingsrud og Christina Hylland Fausk . Dette er ei gruppe med godt oppmøte, og 23 born har vore innom treningane.

I haust hadde vi eit ynskje om å få i gang trimgruppe for 1.-2. klassingane. Desverre har det ikkje lukkast å få trenarar til å ha grupper for borna i skulealder denne hausten heller.

Gymstick: måndagar kl 19.30 - 20.30 : I vår kjøpte turngruppa inn 20 gymstick. Etter ein mjuk start i vår, starta Marianne Bjørnebøle opp gruppe i haust. Det har vist seg å vere ein suksess. Det er damer i alderen 16 +, som fyller gymsalen kvar måndag. Dei første måndagane var det til og med damer som måtte snu og gå heim, då det ikkje var nok gymstick. Totalt har det vore ca 40 damer innom treningane.

Det vart forsøkt oppstart av zumba denne hausten, men det vart avslutta etter 2 gonger pga dårlig oppmøte.

For Turngruppa  
Solveig Hus Hansen



## Årsmelding for sykkelgruppa / spinning-gruppa - 2013

Dette året har gruppa holdt til i lokalet (Grenda motell) som vi flytta inn i oktober 2012.

Dei fyrste mnd av året sleit vi med at lokalet var kaldt på dei kaldaste vinterdagane. Det var lekasje i taket, rå luft og rommet blei ikkje optimalt for hard trening. Vi fekk inn varmeovn og ei golv-vifte og med våren i anmarsj og beskjed om at taket skulle fiksast og at varmepumpe skulle installerast, steig intensiteten igjen.

Taket blei fiksa i sommar og varmepumpe kom i byrjinga på hausten.

Lokalet er eit godt rom å spinne i og ingen klager å høyre.  
I vårhalvår hadde vi 7 instruktørar og 11/12 funksjonelle syklar.

Desse var instruktørar:

Stig Dagfinn Tveiten, Wenche Godtskalksdotter Enes, Mette Cecilie Sandvik, Reidunn Seim Steffensen, Hilde Nygårdsmoen, Tore Furnes og Trine Grøtte. Av ulike årsaker har Hilde og Tore ikkje hatt spinninggrupper hausthalvåret. Ragnhild Næs hadde permisjon forrige år, det har ho hatt i år også.

I hausthalvåret fekk vi 5 nye syklar som blei kjøpt på auksjon. Desse er i full sving og har fungert strålende. Vi har 17 syklar utenom instruktørsykkelen. Vi har fyllt opp gruppene med 15 faste plassar. Vi tør ikkje fylle opp dei to siste, då det er ein del av sykklane som er «gamle» og ofte treng service.

I løpet av ei veke er det ca 90 stk som er på sykkel pr veke, dersom alle gruppene har fyllt opp sine sykkelseter.

Vi har tilbud om 8 timer fordelt frå man-torsd, (ein instruktør har to timer i veka).

Det er varierte tidspunkt og dette gjev eit breidt tilbud.

Det er timar kl 15.30, kl 18, kl 19 og kl 20.

Prisane steig i siste halvår og det går unna med klyppekorta.

Det er også instruktørar som har ei lite styrkeøkt etter endt spinning med litt mage og arm øvelsar.



## Årsmelding for sykkelgruppa / spinning-gruppa - 2013

Vi har jobba aktivt for å «gjera blest om» spinninga og Facebook er eit media nokon har teke i bruk for å kringkasta at det er ledige timer. Repotasje i avisene er og nytta. Det har hjelpt i etterkant og instruktørar melder om større aktivitet no enn på lenge. Dette er særdeles positivt. Instruktørane står på og gjer sitt til for at det skal vera fullsatt sal, som igjen gjev energi i rommet og helsgevinst hos kjekke kvinnheringar . Dette bidrar også til at inntekter til Omv.idrettslag kjem stabilt inn!

Ole Gunnar Næs er ansatt som «Reodor-felgen» og har ansvar for tilsyn , vedlikehold og rask utrykking når det er manglar på sykklane. Dette har fungert ok og kvar enkelt instruktørane har ansvar å melde inn til han når dei oppdagar manglar på sykklane.

Dette året har vore eit positivt år i spinningsgruppa med mange stabile og blide spinningsdeltakarar . Det er medvind i gruppa og positiv omtale i bygdene.

Stor takk til gode instruktørar som er drivkrafta i gruppa, med vilje til å by av seg sjølv, stabilitet, musikk og tempo som bidrar til bedre hels og humør i laget.

På vegne av sykkelgruppa/spinning  
Wenche Godtskalksdotter Enes

Rosendal 02.02.14



## Årsmelding frå skigruppa 2013

Leiar Kjetil Mehl  
Medlemmer Johannes Hjelmeland

Skigruppa har i 2013 arrangert Kvinnherad meisterskap på ski, eit karusellrenn (overtok for Matre) og klubbmeisterskap. Det deltok 7 medlemmer deltok i klubbmeisterskapet!

I byrjinga av oktober starta vi opp barmarkstrening. Dette i samarbeid med Rosendal Turnlag. Det er framleis barmarkstrening, grunna snømangel. Det er trening kvar tysdag, anna kvar gong i Omvikdalen/Rosendal. Det er delt opp i to grupper, 1.-5.trinn, 6.trinn og oppover. Dette vart ein suksess frå fyrtse dag. Det er veldig godt oppmøte, i den yngste gruppa er det om lag 20 born i snitt, som soknar til Omvikdalen IL. Den eldste om lag 8. Dette har også skapt engasjemang blant foreldra, og mange har bidratt på treningane.

Skigruppa håpar dette er byrjinga på ein ny stor langrennsepoke for Omvikdalen IL!

Helsing  
Leiar Kjetil Mehl



## Økonomigruppa Omvikdalens Idrettslag

ÅRSMELDING 2013

Økonomigruppa har i år stått for innsamling av gevinst, og organisering av loddosal i høve til julematinen.

Her ei oversikt over våre sjenerøse givere:

1. Felleskjøpet, vi får kjøpe gevinst med mer til halv pris.
2. Kvinnherad Bygg, sponsor med god rabatt på gevinst som vi kjøper.
3. Betongvarer, sponsor med 1000 kr
4. Johs Hjelmeland, sponsor med 1000 kr
5. K. Hjelmeland, sponsor med 1000 kr
6. Dimmelsvik Entreprenør, sponsor med 1000 kr
7. Dimmelvik Bil, gavekort på invendig/utvendig vask av bil
8. Expert Rosendal, ca 400kr i rabatt på kjøp av Galaxy tab,
9. Til bords Rosendal, dukke med trille i gave
10. Roy Hjelmeland, hytteweekend i gave
11. Zjakk Frisørsalong Uskedal, minikrøllletang i gave
12. Norstone Dimmelsvik, sponsor med 500kr.
13. Fredheim Blomster, 20 blomster til borddekorasjon/gevinst i gave
14. Trygg Trafikk Hjelmer, ryggsekker, og refleksvester og sykkellykter
15. Friidrettsforbundet Div
16. Gullsmed Eide Rosendal, to barneklokker
17. Rosendal Bokhandel, Bok
18. Peder Baker, Gavekort 200 kr
19. Stemning, Kaffe/sjokolade
20. Trend, sengesett og handkle.
21. Grenda ½ års abb.

På vegne av OIL. Vil eg retta ei stor takk til disse som år etter år stiller opp og gjer oss flotte gevinst.

Det vart i år kun utført loddosal på Spar butikkene på Seim og i Rosendal, samt at ei bok låg på Felleskjøpet og ei bok låg på Zjakk i Uskedalen. Denne strategien vurderer vi til å være god, så vidt eg har erfart har vi aldri før sett så mange lodd på førehand av julematineen

Årets julematine gav oss ei god omsetning med et godt resultat

På forhand av julematineen hadde gruppa to møter der vi fordele oppgaver, o.a.

Samarbeidsavtalen med Sparebank 1 er formelt ikkje i orden pr i dag. Vi har fått støtte også for 2013, slik at vi forheld oss til den som om den gjelder. Banken sendte oss en del spørsmål mht. OIL sin oppfølging av avtalen. Svarbrev er sendt, men vi har ikkje fått noko videre tilbakemelding fra banken.

Økonomigruppa bestod i år av:

Vegard Hjelmeland  
Ann Kristin Huke  
Randi Solheim

Perane 4. feb. 2014.  
Vegard Hjelmeland



## Årsmelding frå Tilbyggsnemda i Omvikdalens Idrettslag

Det er nedfelt ei eigen tilbyggnsemd som har til oppgave å utreda/planlegga nytt tilbygg for Idrettslaget i samarbeid med Omvikdalen Oppvekstsenter.

14.10.2013 ble det avholdt ett avklaringsmøte for arbeidsgruppa- "veien videre".

Raymond B Olsen ble valgt som ny leiar for arbeidsgruppa og mandatet fra 2008 vart endret slik:

Innhente pris på bygget, alt inkludert fra grunnarbeid til ferdig bygg.

Totalpris på bygg som på tegninger(138,6m<sup>2</sup>)

Vurdere : vil OIL ha økonomi til å forskuttere tippemidler/tilskudd i ca. 5 år(frem til utbetaling)

Finansiering-Banklån-Støtte fra fond/legat etc.

Støtte i næringslivet

Avtale med kommunen

Det ble satt en frist til den 15.01.2014 for presentasjon til årsmøte.

Målet var at planene skulle være så konkrete at det var grunnlag for årsmøte å ta stilling til vedtak om videre gjennomføring.

Arbeidsgruppa har ikke kommet i gang med dette arbeidet og skal ha oppstartsmøte mandag 10.februar kl. 20.00.- frist for fremlegging fra arbeidsgruppa blir vedtatt på møte den 10 februar.

Det blir gitt innstilling til vedtak i nytt ekstraordinert årsmøte, når arbeidsgruppa kan presentere prosjektplanene.

Arbeidsgruppa består av:

Raymond B Olsen, Ina H Tvedt, Lillian Tveit, Eli M Oppheim, Johan Feet, Bjørn Rune Bergane og Vegard Hjelmeland. Med fra styret, som kasserar er Jonny Flatebø.

MVH

Raymond B Olsen